



Stranda kommune

Møteprotokoll for STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtedato: 23.03.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Kl 15:00 – 18:00

Leiar for møtet var : Per Erik Dalen

Medlemmer:

Anne Berit Tryggestad
Gro Anita Sve
Ole Jørgen Sve
Per Erik Dalen
Randi Sæter
Stein Lystad
Tor Waaler

Parti

Andre:

Einar Arve Nordang
Rita Berstad Maraak
Ronny Kile

Stranda kommune 10.04.2026

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	
016/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
017/26	Stranda hamnevesen - Verdiskapingsanalyse V2	
018/26	Stranda hamnevesen - revidert forskrift om fartsgrense Geiranger	
019/26	Stranda hamnevesen - revidert styreinstruks	
020/26	Stranda cruise kai - status mars 2026	
021/26	Stranda hamnevesen - Innlegg i NYSS 10 mars 2026	
022/26	Stranda hamnevesen - orienteringssaker mars 2026	
023/26	Stranda hamnevesen - strategiske vurderingar mars 2026	
024/26	Godkjenning av møteprotokoll	

016/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Hamnesjefen si tilråding:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling Vedtak samrøystes

STHA - 016/26 Vedtak:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

017/26 Stranda hamnevesen - Verdiskapingsanalyse V2

Hamnesjef si tilråding:

- Ei oppdatert verdiskapingsanalyse vert vedteke slik den ligg føre.
- Resultata frå verdiskapingsanalysen vert integrert i det vidare arbeidet med tålegrenseanalysen.
- Politikarane får lagt fram eit samla og balansert beslutningsgrunnlag som inkluderer økonomiske vurderingar, konsekvensar og alternative scenario.

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling Vedtak samrøystes

STHA - 017/26 Vedtak:

1. Ei oppdatert verdiskapingsanalyse vert vedteke slik den ligg føre.
2. Resultata frå verdiskapingsanalysen vert integrert i det vidare arbeidet med tålegrenseanalysen.
3. Politikarane får lagt fram eit samla og balansert beslutningsgrunnlag som inkluderer økonomiske vurderingar, konsekvensar og alternative scenario.

018/26 Stranda hamnevesen - revidert forskrift om fartsgrense Geiranger

Hamnesjef si tilråding er:

- og starte ein formell prosess for å utarbeide kommunal forskrift om fartsgrenser for fritidsfartøy i Geiranger, basert på dei koordinatane og fartsgrensene som Kystverket har foreslått.
- å sende utkast til forskrift på høyring parallelt med Kystverket si statlege høyring.
- og sikre samordning mellom kommunal og statleg regulering for å unngå at statlege fartsgrenser vert oppheva.

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling

Tilråding samrøystes til kommunestyret

STHA - 018/26 Vedtak:

1. Det vert starta ein formell prosess for å utarbeide kommunal forskrift om fartsgrenser for fritidsfartøy i Geiranger, basert på dei koordinatane og fartsgrensene som Kystverket har foreslått.
2. Utkast til forskrift vert lagt ut på høyring parallelt med Kystverket si statlege høyring
3. Dette er for å sikre samordning mellom kommunal og statleg regulering for å unngå at statlege fartsgrenser vert oppheva.

25.03.2026: KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KOM - 031/26 Vedtak:

1. Det vert starta ein formell prosess for å utarbeide kommunal forskrift om fartsgrenser for fritidsfartøy i Geiranger, basert på dei koordinatane og fartsgrensene som Kystverket har foreslått.
2. Utkast til forskrift vert lagt ut på høyring parallelt med Kystverket si statlege høyring
3. Dette er for å sikre samordning mellom kommunal og statleg regulering for å unngå at statlege fartsgrenser vert oppheva.

019/26 Stranda hamnevesen - revidert styreinstruks

Tilråding til styret:

1. Styret vedtek revidert styreinstruks for Stranda Hamnevesen KF slik den ligg føre.
2. Styret ber om at instruksen vert gjort kjent for alle styremedlemmer og varamedlemmer.
3. Styret ber om at instruksen vert gjort kjent for ordførar og kommunedirektør.
4. Styret skal ha ein årlig gjennomgang av styreinstruksen.

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG UNDER MØTET :

Omforeint framlegg:

Styret skal på førehand orienterast og godkjenne bruk av styreleiar, eller andre styremedlemmar, til lønna administrativt arbeid i tilknytning til prosjektarbeid.

Samrøystes

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 019/26 Vedtak:

1. Styret vedtek revidert styreinstruks for Stranda Hamnevesen KF slik den ligg føre.
2. Styret ber om at instruksen vert gjort kjent for alle styremedlemmer og varamedlemmer.
3. Styret ber om at instruksen vert gjort kjent for ordførar og kommunedirektør.
4. Styret skal ha ein årlig gjennomgang av styreinstruksen.
5. Styret skal på førehand orienterast og godkjenne bruk av styreleiar, eller andre styremedlemmar, til lønna administrativt arbeid i tilknytning til prosjektarbeid.

020/26 Stranda cruise kai - status mars 2026

Saka er utan tilråding

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG UNDER MØTET :

Omforeint framlegg:

1. Saka vert tatt til orientering
2. Styret avventar oppdatert geologirapport

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 020/26 Vedtak:

1. Saka vert tatt til orientering
2. Styret avventar oppdatert geologirapport

021/26 Stranda hamnevesen - Innlegg i NYSS 10 mars 2026

Saka er utan tilråding

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG UNDER MØTET:

Omforeint framlegg:

Saka vert fulgt opp.

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 021/26 Vedtak:

Saka vert fulgt opp.

022/26 Stranda hamnevesen - orienteringssaker mars 2026

Hamnesjef si tilråding:

Orientering vert tatt til vitande

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG UNDER MØTET

Framlegg frå Hamnesjef:

Orientering vert tatt til vitande

1. Status planprosessar Geiranger - Stranda - Hellesylt
2. Status leigeavtaler og serviceavtale ferjekai
3. Status bruksavtaler kaier
4. Status VA og straum
5. Status driftsavtale
6. Status dispensasjoner
7. Skipsbesøk - 29 september 2026

Framlegg frå hamnesjef:

Nødvendig oppgradering av Hellesylt ferjekai før sesongen er ca. kr 500 000 dyrare enn først antyda, men innanfor budsjettramma.

Høyring cruiseavgift kom denne veka med høyringsfrist 22 juni 2026. Alle bidrag i denne lovteksten er frivillige, og per no seier lova ikkje at ein kommune må innføre vederlag både for overnatting og cruise, men ei kommune kan velje om ein vil innføre eit vederlag både på overnatting og/ eller cruise. Utgangspunktet er at det må vere eit reelt behov og det må vere eit likt beløp for alle besøkande – og gjelde overalt. Kommune og hamnevesen bør ha ei felles uttale.

Framlegg frå Ole Jørgen Sve:

Styre og administrasjon må oppdatere seg på habilitetsreglane.

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 022/26 Vedtak:

Orientering vert tatt til vitande

1. Status planprosess Geiranger er lagt på offentlig ettersyn. Planprosesser for Hellesylt og Stranda er under arbeid.
2. Status leigeavtale Geiranger ferjekai vert signert fredag 26 mars 2026. Det er oppretta ei serviceavtale med Mesta som gjeld Hellesylt ferjekai.
3. Status bruksavtaler kaier er under arbeid. Prosedyren er sendt til alle potensielle brukarar og ligg tilgjengelig på Stranda hamnevesen sine nettsider her: <https://www.stranda-hamnevesen.no/>
 - a) Det er innført prosedyre for korleis Brukar skal melde inn behov for ankomst- og avgangstider ved Stranda hamnevesen KF sine kaianlegg. Prosedyren er utforma slik at ein kan tilpasse tidsbruken for å redusere dei største trafikktoppane og samstundes sikre at reiarlaget får naudsynt ladekapasitet.

- b) Ordninga gjeld for all kommersiell sjøtransportverksemd Brukar skal kvart år melde inn sitt behov for tidsvindu og rutetabell for komande driftsår. Innmelding skal vere skriftleg og sendast til Stranda hamnevesen KF innan 1. september i inneverande år. Stranda hamnevesen KF har 6 – seks veker behandlingstid frå mottatt komplett innmelding.
 - c) Ei rammeavtale er ei avtale som sikrer Brukar tilgang på kaiplass i ein avtalt lengre periode. Rammeavtalen avtaler også korleis bruken av kaiplass vert regulert. Brukeravtale er avtalen som årlig fastset kaiplass, tidspunkt og lading og gjeld for eitt (1) år av gangen. Prosedyre for årlig fornying ligg tilgjengelig på Stranda hamnevesen si heimeside <https://www.stranda-hamnevesen.no/>
- 4. Status VA og straum. VA er delvis på plass i Geiranger, på plass på Stranda og i oppstartsfasen på Hellesylt. LINJA er ferdig med kabellegging i Geiranger til påske, PLUG forventer å få sendt byggesøknad på batterihus i Geiranger, forutsett mottatt rapport på grunnboring. Er elles i rute når det gjeld framdriftsplan. Når det gjeld Hellesylt så vil administrasjon undersøke om det er meir straum tilgjengelig.
 - 5. Status driftsavtale – er i forhandlinger
 - 6. Status dispensasjonar. Ref mld 25.03 2026 sitat: *Sjøfartsdirektoratet innvilger ikke varig dispensasjon fra miljö sikkerhetsforskriften § 14f for MF Bolsøy, men innvilger en tidsavgrenset dispensasjon til operasjon mellom Geiranger og Hellesylt, frem til landstrøm er tilgjengelig i Geiranger, likevel ikke lenger enn til 30. juni 2026.*
 - 7. Skipsbesøk 29 september 2026 om bord på MSC Euribia. Dette er eit samarbeid mellom tre rederigrupper og Stranda hamnevesen. Dette vil vere ei eit dialogmøte mellom rederi, næringsliv og politikere. Agenda og invitasjon vil bli sendt ut på eit seinare tidspunkt.
 - 8. Nødvendig oppgradering av Hellesylt ferjekai før sesongen er ca. kr 500 000 dyrare enn først antyda, men innanfor budsjettamma.
 - 9. Høyring cruiseavgift kom denne veka med høyringsfrist 22 juni 2026. Alle bidrag i denne lovteksten er frivillige, og per no seier lova ikkje at ein kommune må innføre vederlag både for overnatting og cruise, men ei kommune kan velje om ein vil innføre eit vederlag både på overnatting og/ eller cruise. Utgangspunktet er at det må vere eit reelt behov og det må vere eit likt beløp for alle besøkande – og gjelde overalt. Kommune og hamnevesen bør ha ei felles uttale.
 - 10. Styre og administrasjon må oppdatere seg på habilitetsreglane.

023/26 Stranda hamnevesen - strategiske vurderingar mars 2026

Saka er utan tilråding

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG UNDER MØTET:

Omforeint framlegg

Orientering om utfordringsbildet som gjeld geopolitisk uro, IMO krav, FuelEU – Maritime, særnorske miljø og arbeidsregler, miljø, verdensarv status og særkrav, Sunnøylvsfjorden, Fjordnettverket, rutetider og ladetider, vert tatt til vitande og vert fulgt opp i eit eige arbeidsmøte.

Styreleiar innleia med å gi ein status for selskapet no og korleis drifta vil sjå ut i 2027. Oppdateringa inneheld både utfordringar og muligheter. Den største uvisse ligg i nasjonale og internasjonale politiske avgjerder. På den positive sida får STHA no «Fjordnettverket» opp og gå. Åra 2026/2027 vil bli ein periode der ein kan byggje erfaringar, særleg når det gjeld ladebehov, ladetider osv. Administrasjonen har utarbeidd eit system for planlegging av aktivitet som skal rullerast kvart år. Dette planleggingssystemet vil vere eit godt hjelpemiddel for å redusere samanfallande ankomst- og avgangstider slik at «toppane» i trafikken kan jamnast ut, samstundes som ein sikrar at reiarlaga som har faste rutetider, får tilgang til nødvendig ladekapasitet. Systemet vil bli ekstra effektivt dersom det kan koordinerast med andre aktørar i området. Systemet er planlagt digitalisert når ein har fått nok driftserfaring i løpet av 2027/2028.

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 023/26 Vedtak:

Orientering om utfordringsbildet som gjeld geopolitisk uro, IMO krav, FuelEU – Maritime, særnorske miljø og arbeidsregler, miljø, verdensarv status og særkrav, Sunnøylvsfjorden, Fjordnettverket, rutetider og ladetider, vert tatt til vitande og vert fulgt opp i eit eige arbeidsmøte.

024/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen frå møtet i Stranda Hamnevesen KF 23.02.2026 vert godkjent slik den ligg føre.

23.03.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

STHA - 024/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet i Stranda Hamnevesen KF 23.02.2026 vert godkjent slik den ligg føre.